



# VANYLVEN KOMMUNE

## Servicetorget

Sande kommune  
Rådhuset

6084 LARSNES

Rådmannen

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr/Arkiv</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Avd/Saksansvarleg</i>	<i>Dato</i>
2012/1274	4424/2018 / 223		SER / FROVIK	21.06.2018

### MELDING OM VEDTAK

## Oppseiing av avtale om interkommunalt samarbeid av PPT-tenesta

Kommunestyret handsama i møte den 19.06.2018 – sak 44/2018. Følgjande vedtak vart fatta:

Vanylven kommune seier opp avtala med Sande kommune om interkommunalt samarbeid av PPT-tenesta – oppseiingstida vert rekna frå 1.august 2018.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:  
Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes  
Konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.*

Kopi til:  
Kommunalsjef kultur- og  
oppvekst



# VANYLVEN KOMMUNE

## SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i> 2012/1274	<i>Arkiv:</i> 223	<i>Avd/Saksansv:</i> RÅD/INGMIK
-----------------------------	----------------------	------------------------------------

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/2018	Kommunestyret	19.06.2018

### Oppseiing av avtale om interkommunalt samarbeid av PPT-tenesta

#### Tilråding:

Vanylven kommune seier opp avtala med Sande kommune om interkommunalt samarbeid av PPT-tenesta – oppseiingstida vert rekna frå 1.august 2018.

#### Vedlegg

- 1 Avtale om PP-tenesta med Sande kommune

#### **Uprenta saksvedlegg:**

Kommunestyrets vedtak 16. mai 2017 i sak 44/2017

#### **Samandrag av saka:**

Vanylven kommune har inngått avtale om interkommunalt samarbeid med Sande kommune om PPT-tenesta. Seinaste avtale er frå 25. mars 2011. Det går fram av pkt. 8 i avtala at det gjeld ei oppseiingstid på to år – rekna frå 1. august dersom ein av samarbeidskommunane ønskjer å seie opp avtala.

Rådmannen tilrår at Vanylven kommune seier opp avtalen med Sande kommune, for å kunne starte sonderingar og drøftingar om moglegheit for et større interkommunalt samarbeid på PPT-området, slik det er gjort på fleire andre tenestekområde.

### **Saksopplysningar:**

Kommunane på Søre Sunnmøre hadde lenge eit parvis interkommunalt samarbeid på PPT-området, kor Vanylven hadde ei interkommunal samarbeidsavtale med Sande kommune.

I saksframlegget til kommunestyret i sak 44/2017 går det fram at « I mange år hadde Sande og Vanylven, Hareid og Ulstein og Volda og Ørsta samarbeid om PP-tenesta. Då Volda i fjor sa opp avtalen med Ørsta, er resultatet at alle fire kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta no slår sine pp-kontor saman. Dersom dette arbeidet utviklar seg, noko det er grunn til å forvente, er det aktuelt å kople seg på dette miljøet også for Vanylven sin del.»

Herøy, Vanylven og Sande hadde sonderingsmøte 8. mai 2017, kor intensjonen var å drøfte eit interkommunalt samarbeid med Sande som vertskommune. Dette møtet førte ikkje fram og den 12. mai 2017 fekk vi følgjande svar frå Sande:

« Etter sonderingar/drøftingar i Sande er konklusjonen at det krev ei krev ein lenger prosess å vurdere alternativ for samanslåing/samarbeid vedr. PPT. Difor må Herøy gjere grep vedr. leiar uavhengig av oss.

Ser difor ikkje grunn til å ha møte om saka på måndag.»

Sande kommune opplyste vidare om at dei føreheld seg til avtala med Vanylven kommune.

Rådmannen tilrår at gjeldande avtale med Sande kommune nå blir sagt opp, slik at kommunen kan starte sonderingar/drøftingar med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre for å få til eit større interkommunalt samarbeid. Det er viktig at avtalen seies opp før 1. august i år fordi oppseiingstida er to år frå 1. august.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen tilrår at avtalen om interkommunalt samarbeid på PPT-område blir sagt opp frå 1. august 2018, og at kommunen startar med sonderingar/drøftingar for å få til eit større interkommunalt samarbeid.

Fiskå, 13.06.2018

Andreas Chr. Nørve  
rådmann

Inger Reidun Mikalsen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.*

**Handsaming:**

**Samrøystes vedtak som framlegget.**

**VEDTAK:**

Vanylven kommune seier opp avtala med Sande kommune om interkommunalt samarbeid av PPT-tenesta – oppseiingstida vert rekna frå 1.august 2018.